



June Løland og Susanne Løland Eik har sikra seg eit juletre av typen edelgran.

Meir enn halvparten av dei 45 juletra hos Elins Matgleder er selde. Det er edelgran henta frå bonde i Ølen. Juletra har god kvalitet og er av det slaget som vert mest brukt i Noreg. Etter at Felleskjøpet starta juletresal, er det merkbart meir konkurranse om sal av juletra i Kvinnherad.

Nordmenn kjøper kvart år om lag 1,4 millionar juletra. 400 000 av desse er import frå Danmark. Resten, 1 millionar juletra, er norske. Forbrukarane vil helst ha norske juletra. Fjelledelgran er det mest populære juletreet. Norske juletra frå lokale produsentar er mest miljøvenlege og vert rekna som ein kostnadseffektiv industri.



Skiltet ved Fylkesvegen fortel at det er ope på Elins Matgleder.

Siste opningsdag på Elins Matgleder er laurdag 21. desember.

Skiltet Ope ved Fylkesvegen fortel at det er produksjon og sal i lokala på Nedre Fet. Elin reknar med at det som er att av juletre, vert selde. Det vert ikkje henta ny ladning frå Ølen. Difor, ikkje vent dersom du har tenkt å skaffa deg juletre.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal